

Referat styringsgruppemøte 20. mars 2013 i Kristiansand, for GPS-merkeprosjektet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeiane.

Møtestad: Haven, Fylkeshuset i Kristiansand.

Desse møtte:

Tarjei Haugen	SVR
Bjørge Hellem	Vest-Agder FK
Bjørn Brandtzæg	DNT Sør
Kjell Helle Olsen	Stavanger Turistforening
Arne Heggland	Statens Vegvesen
Per Øyvind Grimsby	Sira Kvina kraftselskap
Kåre Paulsen	Statkraft
Kristian Eiken Olsen	Statskog
Jon Ødeskaug	Valle kommune -landbruk
Sigrid Bjørgum	Bykle kommune
Oddmund Ljosland (ordfører Åseral)	Kommunane i sør
Svein Olav Stegarud	Setesdal Ryfylke Villreinlag - sekretær
Knut Nomeland	Setesdal Ryfylke Villreinlag
Margit Smeland	Villreinnemnda -leiar
Peter Hermansen	SNO
Per Kjetil Omholt	FM Aust-Agder
Tor Punsvik	FM Vest-Agder
Lars Arne Bay	Invitert ressursperson
Olav Strand	NINA
Lena Romtveit	Norsk Villreinsenter Sør (ref)
Marianne Singasaas	Norsk Villreinsenter Sør

Saker

1) Velkomst og oppsummering av konklusjonar frå oppstartsmøtet 29. januar, ved Tor Punsvik:

Gjennomgang av oppsummeringa og val av prioriterte oppgåver frå oppstartsmøtet; merking, arbeidet med bestandsplan, og organisering av styringsgruppe og arbeidsgrupper.

Peter Hermansen (SNO) orienterte litt om kartlegginga av dyra på Vestheia som er gjort av SNO i forkant av merkinga, jf innspel på oppstartsmøtet.

- Gjort ein del kartlegging i sørområdet. 490 dyr totalt registrert (kanskje 100 til).
- Ikkje registrert dyr i Steinbuskaret i år.
- Nordområdet: Mykje dyr (620) på Skyvatn. Elles masse trakk, sleper og kryssing av skiløyper.

Det er til no merka 2 simler og 2 bukkar i SVR. Planer om 5 bukkar til innan 15. april, jf merkeløyvet frå FdU (Olav anm.).

På oppstartsmøtet blei det òg signalisert at ein ynskte fokus på forankring og formidling, og at kanskje arbeidet med bestandsplanen ville vera ein god arena for det. Dette saman med å konstituere styringsgruppa og etablering av arbeidsgrupper, mandat og budsjett var difor tema som blei vidareført som saker til dette møtet.

2) Oppnemning av styringsgruppe, leiar og vedtak om mandat og budsjett, ved Tor Punsvik:

a) Samansetjinga av styringsgruppa:

Styringsgruppa blei vedtatt med dette oppsettet:

Instans:	Hovudrepresentant:	Vara:
Regulantar	Kåre Paulsen, Statkraft Per Øyvind Grimsby, Sira Kvina	Oppnevner sjølv vara
Kommunane i Aust-Agder (Bykle, Valle og Bygland kommunar)	Sigrid Bjørgum, Bykle kommune	Bygland kommune vel representant i politisk møte 23. april.
Kommunane i Vest-Agder (Åseral, Hægebostad, Sirdal og Kvinesdal kommunar)	Oddmund Ljosland, Åseral kommune	Johnny Liland, Sirdal kommune
Kommunane i Telemark (Vinje kommune)	Vinje kan få representant og må velje om dei skal vera med i prosjektet og evt representant/vara.	
Kommunane i Rogaland (Suldal, Forsand, Gjesdal og Hjelmeland kommunar)	Suldal kommune har representanten og må velje ein person.	Gjesdal kommune har vara og må velje ein person.
Fylkeskommunane	Bjørge Hellem, Vest-Agder	Hans Fløystad, Aust-Agder

(Vest-Agder, Aust-Agder, Rogaland og Telemark)	Fylkeskommune	Fylkeskommune
Fylkesmannen	Tor Punsvik, Fylkesmannen i Vest-Agder	Per Ketil Omholt, Fylkesmannen i Aust-Agder
Statens Vegvesen	Arne Heggland, Statens Vegvesen Sør	Oppnevner sjølv vara
Villreinnemnda for Setesdalsområdet	Margit Smeland	Ola Sukka
Turistforeningane	Kjell Helle Olsen, Stavanger Turistforening	Bjørn Brandtzæg, DNT Sør
Rettighetshavarane	Kristian Steine, Villreinlaget Knut Nomeland, Villreinlaget Kristian Eiken Olsen, Statskog	Oppnevner sjølv vara
Verneområdestyret	Tarjei Haugen, Verneområde forvaltar SVR	Alf Odden, Verneområdeforvaltar SVR
SNO	Peter Hermansen	Reidar Sandal

b) Budsjett:

Tor la fram eit oversyn over innkomne bidrag til prosjektet, samt dei søknadane som ikkje var avklart enno. Det er totalt løyvd kr 1.295.000,- til no, medan ein ventar avklaring for endå kr 375.000,- som er omsøkt hjå DN og Vinje kommune.

Bidragstypar (avklart):	Bidrag 2013:
Kommunane	325.000,-
Fylkeskommunane	125.000,-
Fylkesmennane	200.000,-
Regulantar m.fl.	275.000,-
Statens Vegvesen	150.000,-
Villreinnemnda Setesdalsområdet	220.000,-
Sum bidrag:	1.295.000,-

Uavklarte bidragstypar:	Omsøkt 2013:
Direktoratet for naturforvaltning	350.000,-
Vinje kommune	25.000,-
Sum omsøkt:	375.000,-

Totalt, dersom alle desse «er med» har prosjektet totalt kr 1.670.000,-, som er meir enn det som blei søkt om i fyrste omgang. Årsaka til det er at nemnda løyvde meir enn planlagt; dette bidraget utgjer totalt meir enn det ein har «mista» frå dei som har takka nei til å delta. Dette skuldast at villreinnemnda overførte restmidlar på eige budsjett i 2012 til prosjektet.

Det blei elles gjort framlegg om at lunsj under møte dekkas av prosjektet. Medan andre kostnader, som reise- og møteutgifter berast av representantane sjølve. Unntaket er dei som hyras inn som konsulentar osv. Det må t.d. gjerast avtale med Lars Arne Bay for dette.

c) Leiar styringsgruppa:

Det kom eit generelt innspel om at ein bør velje leiar frå ein av dei aktørane som bidreg økonomisk. Kåre Paulsen (Statkraft) blei så valt som leiar, val av nestleiar blei utsatt og delegert til styringsgruppa.

Leiaren ser for seg ca. eit møte i halvåret.

d) Mandat:

I det førre prosjektet (2006-2010) var mandatet i hovudsak å skaffe kunnskap om og reell dokumentasjon av reinens arealbruk og adferd. Vidare å skaffe kunnskap om effektar av fysiske inngrep og ferdsel, og dokumentasjon av tydinga for dette for reinens områdebruk i Setesdalsheiane. Til slutt heitte det at prosjektet skulle gje ei vurdering av potensielle effektar av utprøva avbøtande tiltak som fredingssoner, vegstenging, kanalisering av ferdsel, løypeomlegging, jaktforvaltning m.m.. Der blei vidare nedfelt eit mandat på kven kunnskapen skulle gjerast tilgjengeleg for og korleis kunnskapen skulle kunne gjerast tilgjengeleg for arbeidet med Heieplanen.

I anbefalingane frå sluttrapporten peika ein mellom anna på nokre tema ein framleis såg at ein trong meir kunnskap om, som var av særleg interesse i Setesdalsheiane:

- Effektar av avbøtande tiltak og tilrettelegging.
- Effektar av bestandsstorleiken på reinens arealbruk.
- Effektar av jakt på reinens arealbruk.
- Bukkanes arealbruk.
- Effektar av klimaendringar.
- Effektar av sauebeiting og konkurranse mellom rein og sau.

Mandat prosjekt 2013-2017:

Med bakgrunn i desse anbefalingane, blei det 16.10.12 sendt ut eit prosjektnotat (Vedlegg 2) som var utarbeida av interimstyret. I dette notatet er det lagt opp til eit overordna mål, å

Auke reinens bruk av SVR.

Vidare var det peika ut fire hovudtema:

- 1) *Bestandsforvaltning og økt tetthet av villrein i sørområdet.*
- 2) *Hvordan øke trekkaktiviteten nord-sør og øst-vest.*
- 3) *Betydningen av veiene Brokk-Suleskard og mellom SR og naboområder.*
- 4) *Ferdsel i Setesdal-Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtende tiltak.*

I diskusjonen om mandat for styringsgruppa var det semje om at mandatet i eit slikt forskingsprosjekt, i hovudsak er å skaffe kunnskap og lære, ikkje å legge føringar for det som skal bli «varig» eller vedtak. Ein må truleg starte litt breitt og så smalne seg inn på tema etter kvart. Målet må vera at ein ved avslutta prosjekt har heilt klare faglege anbefalingar til tiltak som ein veit med

rimeleg tryggleik at vil verke. Kor vidt tiltaka vil vera sosialøkonomisk mogleg å gjennomføre, ligg ikkje til eit slikt forskingsprosjekt å avgjere.

Med bakgrunn i dette viste fleire av representantane i møtet til det overordna målet og dei fire hovudtema som er sett opp i invitasjonen til deltakinga i prosjektet: Dette er utgangspunktet for mandatet for styringsgruppa og arbeidsgruppene må òg forhalde seg til dette.

3) Overføringsverdiar frå andre prosjekt, spesielt det nyleg avslutta Snøhetta prosjektet, ved Olav Strand:

Olav orienterte om at det skal lagas ein formidlingsplan frå det som no er gjort på villrein, og det som er gjort i samband med Regionale planer. Denne formidlinga vil i hovudsak knyte seg til nettsida www.villrein.no og 15-20 Fag Fakta ark, på slikt som sti- og løypeplanar, revisjon av kraftverks konsesjonar osv.

Horisont Snøhetta:

NINA Temahefte 51, som er ei oppsummering frå det tverrfaglege FoU-prosjektet på villrein i Snøhetta som no er avslutta. Eit prosjekt som i utgangspunktet «looked to Setesdalsheiane», med tanke på organisering av prosjektet med samansettinga av styringsgruppa, sterk brukarmedverking osv.

Gjennom dette prosjektet har ein mellom anna fått utarbeidd modellar for terskelverdiar på barriere effektar av ferdselsårer. Desse meiner ein at det er overføringsverdiar for til andre område.

I rapporten gjev ein anbefalingar mellom anna om korleis ein kan sikre ein robust vinn-vinn situasjon av forvaltninga av Dovrefjell, t.d. gjennom å skape møteplassar/arenaer for å kalibrere utnyttinga av handlingsrom, og felles målsetningar for alle brukargruppene.

Sekretariatet vil sjå til at alle medlemmer i styringsgruppa får tilsendt eit eksemplar av rapporten. Alle anbefalas å lese rapporten grundig!

4) Orientering om villreinprosjektet under Heidedagane i Setesdal i sommar, i Valle 14. & 15. juni, ved Tarjei Haugen.

Verneområdeforvaltarane i SVR hadde med seg spørsmål til styringsgruppa om deltaking på «Heidedagane». Dette er eit arrangement som har utgangspunkt i «Heibergdagane», som tidlegare er arrangert i Sirdal. No er tanken at dette skal vera eit arrangement som flyttas rundt heiane, og heller varierer hovudtema mellom år. I år skal arrangementet haldast i Valle i Aust-Agder.

I tillegg til mellom anna opplegg med naturvegledning med skuleungar, er tanken er at det skal vera eit fagseminar fredag 14.juni for lokalpolitikarar, verneområdestyre og administrasjon. På dette fagseminaret ynskjer ein å fokusere på GPS-prosjektet, og målgruppa her vil vera politikarar og byråkratar. Same dag ser ein for seg eit ope kveldsmøte for grunneigarar/rettighetshavarar og andre interesserte om bestandsplanarbeidet og koplinga til GPS-prosjektet. Dette vil vera ein god arena for å jobbe med forankringa av arbeidet med bestandsplanen og koplinga til GPS-merkeprosjektet. Ansvar for dette kveldsmøtet leggas til Villreinlaget.

Det var semje om at dette er ei flott anledning for prosjektet å marknadsføre seg, og Tarjei dreg inn aktuelle nykelpersonar i ei arbeidsgruppe som bidreg til planlegginga av arrangementet.

5) Organisering av arbeidsgrupper – samansetjing og mandat, ved Tor Punsvik.

Det var semje om at arbeidsgruppene delas inn etter 3 delprosjekt.

Det kom opp nokre framlegg til arbeidsmåte og mandat:

- Arbeidsgruppene arbeidar fram og konkretiserer hovudmålsetjingane i prosjektet og gjer framlegg for styringsgruppa?
- Sekretariatet legg fram ei sak for konkretisering med kva kvart av desse temaene/arbeidsgruppene skal ha for mandat?
- Klarare bestilling før arbeidsgruppene kan gå i gang? Eller må nivelleringa av arbeidsoppgåvene og mandat skje i plenum i møte?

Det blei til slutt avgjort at ting måtte avklarast i dette møtet, då det hastar å koma i gang med arbeidet i desse gruppene.

Ein vedtok difor at arbeidsgruppenes mandat vil vera:

Å belyse problemstillingar som skal svarast på i prosjektet.

Under fylgjer oversyn over dei ulike arbeidsgruppene, med tema, leiar og sekretær:

Gruppe 1: Blåsjø og omegn (trekk N-S, Ø-V, ferdsel m.m.).	
Leiar: Kjetil Omholt eller Hans Fløystad . Sekretær: Lars Arne Bay	
Medlem:	Instans:
Sigrid Bjørgum	Bykle kommune
Sondov Bjåen og repr. frå Hjelmeland	Villreinlaget
Jan Dalen	Villreinlag og fjellstyre
Hans Fløystad	Aust-Agder fylkeskommune
Per Kjetil Omholt	FM i Aust-Agder
Kay Jeiskelid	Villreinemnda
Alf Odden	Verneområdeforvaltar og ferdselskyndig
Peter Hermansen & Reidar Sandal (delar)	SNO
Kåre Paulsen	Statkraft
Kjell Helle Olsen	Stavanger turistforening
Lars Arne Bay	Prosjektmedarbeidar
Store grunneigarar inn mot store Urar?	To namn på engasjerte grunneigarar har kome inn via Tarjei. Er sendt Kjetil & Hans

Gruppe 2: Vegen Brokke-Suleskar	
Leiar: Bjørge Hellem . Sekretær: Lars Arne Bay	
Medlem:	Instans:
Arne Heggland	Statens Vegvesen
Knut Nomeland	Villreinlaget
Helge Tonstad	Villreinnemnda
Arild Stene	Lyse kraft
Bjørge Hellem	Vest-Agder fylkeskommune
Representant frå Verneområdestyret	Verneområdestyret
Bjørn Branzæg	DNT-Sør
Representant frå Sirdal og Valle kommunar	Sirdal og Valle kommunar
Lars Arne Bay	Prosjektmedarbeidar
Andre?	
Torleif Harstad	Valle kommune

Gruppe 3: Sørrområdet og bestandsplan	
Leiar: Kristian Steine . Sekretær: Tor Punsvik og Svein Olav Stegarud	
Medlem:	Instans:
Kristian Steine	Leiar villreinlaget
Arve Åsemoen	Styremedlem villreinlaget
Svein Olav Stegarud	Sekretær villreinlaget
Kristian Eiken Olsen	Statskog
Torbjørn Fjermestad	Villreinnemnda
Per Øyvind Grimsby	Sira Kvina
Ein repr. i vest, ein i sør og ein i aust frå kvar av kommunane.	Kommunane i sør
Jon Erling Skåtan	SNO
Tor Punsvik	FM Vest-Agder
Andre?	

Lars Arne Bay lagar ei grovskisse til kvar av dei to fyrste arbeidsgruppene og sender ut til diskusjonsgrunnlag. Dei legg vidare opp til eit møte relativt raskt (før Heiedagane) i arbeidsgruppene. NINA vil bidra i den grad det trengs, også til å «selje saka inn» i dei ulike instansar. Det blei vedteke at dei to fyrste gruppene leverer noko til styringsgruppa om kva som skal belysas i prosjektet **innan 15.sept.** Ein legg opp til møte i styringsgruppa etter dette.



Adresseliste

Medlemmar og varamedlemmar i styringsgruppa (bare sendt elektronisk):

Statkraft v/ Kåre Paulsen
Sira Kvina Kraftverk v/ Per Øyvind Grimsby
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum
Bygland kommune v/postmottak
Kommunane i sør v/ Oddmund Ljosland (Åseral kommune)
Sirdal kommune v/postmottak
Vinje kommune v/Lasse Mathisen
Gjesdal kommune v/postmottak
Suldal kommune v/postmottak
Vest-Agder Fylkeskommune v/Bjørn Helle
Aust-Agder Fylkeskommune v/Hans Fløystad
Fylkesmannen i Vest-Agder v/Tor Punsvik
Fylkesmannen i Aust-Agder v/Per Ketil Omholt
Statens Vegvesen v/ Arne Heggland
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Margit Smeland (leiar)
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Ola Sukka (nestleiar)
Stavanger Turistforening v/ Kjell Helle Olsen
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Kristian Steine (leiar)
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Knut Nomeland
Setesdal Ryfylke villreinlag v/ sekretær Svein Olav Stegarud
Statskog v/Kristian Eiken Olsen
Verneområdeforvalterne i SVR v/Tarjei Haugen
Verneområdeforvalterne i SVR v/Alf Odden
SNO v/ Peter Hermansen
SNO v/ Reidar Sandal
NINA v/Olav Strand
DN v/Vemund Jaren
Norsk Villreinsenter Sør v/Marianne Singsaas

Kopi (bare sendt elektronisk):

Verneområdeforvalterne i SVR og leiar Tarald Myrum
SNO v/Jon Erling Skåtan
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/ sekretær Jørn Haug
Setesdal Austhei villreinlag v/ sekretær Torleif Homme
Våmur Roan villreinlag v/ leiar Jørund Valebjørg
Valle kommune v/postmottak
Kommunane Odda og Forsand
Fylkeskommunane i Rogaland og Hordaland

Norsk Villreinsenter Nord: NO-2661 Hjerlind | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no
Norsk Villreinsenter Sør: NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no
Stiftelsen Norsk Villreinsenter: NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48